



Kongeparet på festspillene i 2008.

Død og sirkus

FESTSPILLENE I BERGEN

Av Olav Brostrup Müller

Årets program ligger nok så tungt i hånda: «Skrekk og fryd» er et slag tema denne gangen, et sted der det attraktive går hånd i hånd med det frastøtende, akkurat som det gjør i virkelighetens Bergen.

Tydligst kommer kanskje spenningen mellom det skremmende og det frydefulle til uttrykk på Den Nationale Scene, der den illgjette blackmetalvokalisten Gaahl har fått i oppgave å bringe en hittil ukjent type kulde inn på Småscenen.

Smerten og mørket står også i sentrum når Bjørgvin-bisp Halvor Nordhaug, teaterregissør Kjersti Horn og Utenriksminister Jonas Gahr Støre dagen etter møtes for å diskutere ondskapens problem og smertens potensial.

Smerte, lidelse og flytende babylik. Var det noen som sa folkefest?

For festspilldirektør Per Boye Hansens er nemlig utfordringen – i år som i fjor, og året før der igjen – å lage et program som vender seg like mye til dem som kommer med Flybussen fra Flesland og til dem som klipper håret på Sator senter.

Alles venn er ingens venn, er det noe som heter. Miksen mellom det høye og det lave, mellom det uforklarlige og det selvforklarende, er hva festspillsjef Per Boye Hansen og hans folk må få til i løpet av de neste to ukene.

Derfor er det betegnende at et av Festspillprogramets kanskje aller største navn denne gangen, den amerikanske samtidskomponisten Philip Glass – levde et halvt liv som drosjesjåfør, før han endelig slo igjennom. Det er med andre ord håp. For begge leire.

olav.brostrup@klassekampen.no



LÅNAR: – Eg er så glad når bokbussen kjem, seier Inger Hammer, fast lånar sia bussen kom til Linesøya første gongen for nærare tju år sia. Til høgre Karen Miljan.

Rullande bibliotek

Slett ikkje alle utkantstrok i Noreg kan venta bokbussbesøk, men på Linesøya i Sør-Trøndelag er mange glade for at «Hjulie Leseslusk» kjem akkurat dit.

BØKER

Av Magnhild Folkvord (tekst og foto), Åfjord

Bokbussen er den einaste bussen som kjem til Linesøya, ei øy med mellom 60 og 70 fastbuande i Åfjord kommune. Ein gong i månaden rullar «Hjulie Leseslusk» i land frå ferja og stansar ved den eine butikken på øya. Opningstida for bokbussen er tilpassa opningstida for butikken, som ikkje har kundar nok til å vera open heile dagen.

Ti minutt før fastsett opningstid er den første lånaren på plass. Han blir tatt vel imot av bibliotekarane Lene Romstad og Karen Miljan. Miljan er også sjåfør, og bilmekanikar når det trengst – og det gjer det rett som det er med ein buss som har vore på vegen sia 1992.

Manus og Michelet

– Utan bokbussen ville det blitt lange dagar, og er ikkje så flakkfjor lenger, seier Johan Haugsand, og peiker på det eine beinet som er varig merka av eit lårbeinsbrott for nokre år sia. Å reisa til biblioteket på fastlandet, tre mil unna, ser han ikkje som noko alternativ.

Han leverer inn ein bunke bøker, og spør etter fleire av Kurt Haukås, ein av dei som har skrivne om livet langs kysten. Bibliotekaren sjekkar dateregisteret, men det ser ikkje ut til at det finst fleire bøker av akkurat denne forfattaren. Men Haugsand går ikkje tomhendt frå bussen.

– Eg likar best å lesa om det som har hendt, seier han. Han blar og kikkar i bokhyllene, og får med seg bøker av både Tikken Manus, Jon Michelet og fleire andre før han går.

– Suverent utval

Om bord i det rullande biblioteket finst om lag 4000 bøker, blad, lydbøker, filmar og cd-ar til utlån, og erfarne lånarar kjem gjerne med lange lister, slik at bibliotekaren kan fylla opp om det er ønske om noko meir enn det som vanlegvis er med i bussen.

– Bokbussen har eit suverent utval, her får du dei nyaste bøkene med ein gong utan å stå på venteliste, seier Anne Merete Lines Hansen. Ho er også fast lånar, og låner bøker til både seg sjølv, dei to døtrene og foreldra sine.

– Tilbodet her tuler samankning med det du finn på langt meir sentrale stader. Dei er flinke til å finna noko til alle, seier ho.

– Eg er så glad når bokbus-

FAKTA

Bokbuss:

■ Ein bokbuss er ein buss som er fylt med bøker, blad, lydbøker, filmar og cd-ar, og fungerer som eit omreisande bibliotek.

■ Sør-Trøndelag fylkesbibliotek køyrer bokbuss i elleve kommunar i Sør-Trøndelag fylke, og flyttar seg cirka 25.000 kilometer i året.

■ I 2007 nytta 10.084 lånarar seg av tilbodet. Dei stod for totalt 32.983 utlån.

sen kjem, seier Inger Hammer. Ho har vore fast lånar sia bussen kom til øya første gongen for nærare tju år sia.

– Før vi fekk bussen hit, tinga eg bøker og fekk dei sendt frå Trondheim, fortel ho.

Varierte ønske

Bibliotekaren fortel at det er etterspurnad etter bøker av mange slag.

– Folk les alt mogeleg. Somme skal ha Karl Ove Knausgård og Sofi Oksanen, andre set meir pris på seriar om livet på bygdene i tidlegare tider, seier Romstad.

Ho gjer sitt for å informera om bokbusstilbodet. Dei som ønskjer det får sms nokre dagar før bussen kjem, og på butikken kjem det plakat som minner om neste bokbussbesøk.

Nasjonalt lånekort

Tor-Egil Sæther er langpendlar, og spør kor lenge han kan låna lydbøker. Han får vita at om det skulle vera problem med tilbakeleveringa, er det berre å ringja. Og det nasjona-



PÅ HJUL: Ferja fraktar bokbussen til og frå

le lånekortet han får skrivne ut i bokbussen kan brukast i bibliotek over heile landet.

Kari Steinsheim, som driv butikken, er ein ivrig lånar, og støttar bokbussen på fleire vis. Ho sørgjer for bilskjuss til bussen for eit par av dei som har vondt for å ta seg fram på egne bein, og ser også til at det blir servert kaffe og nysteikte vaflar i kaffekroken på butikken – einaste kafeen på øya – når bokbussen kjem. Ho er dessutan den som køyrer post på øya.

Tre bereposar

– Til postkøyringa er det fint med lydbøker, seier Steinsheim, og finn ei bok av Liza Marklund i lydversjon.

Barnebokavdelinga er innhaldsrik, og det er det mange som set pris på. Svanhild Bugge låner til seg sjølv og tre ungar.



TUNGGLASTA: – Bokbussen har meir å by ungene enn skolebiblioteket har, seier Svanhild Bugge.



Linesøya ein gong i månaden.

– Åtteåringen har akkurat fått opp lesefarten, og har oppdaga «LasseMajas detektivbyrå», fortel ho.

Bibliotekaren finn fram både «Zoomysteriet» og «Sirkusmysteriet» som han ikkje har lese enno. Det blir tre fulle bereposar innan Bugge forlet bussen. Ho synest bokbussen gir eit mykje betre tilbod enn det ungane får i skolebiblioteket.

– Der har dei ikkje skifta ut bøkene på år og dag, seier ho.

Bøker i trillebår

Linesøya er siste stopp på ein tre dagar lang runde med bokbussen. Fleire av stoppestadene på Fosenhalvøya er skolar og barnehagar, og dei er ivrige lånarar.

– Medan det var skole på Linesøya, kom dei med trillebår frå skolen for å henta bøker, fortel ei av dei som har brukt bokbussen lenge. No er

skolen på øya nedlagd, og ungane reiser med ferja til skolen på fastlandet.

– Grunnskolane har jamt over eit dårlegare bibliotektilbod enn det som finst i vidaregåande skolar. Det kan vera bøker der, men vanlegvis ingen bibliotektilsette, og med knappe budsjett har

dei ofte ikkje dei bøkene ungane vil ha, seier Romstad.

193 utlån

Etter ein og ein halv times stopp på Linesøya har bibliotekarane registrert 193 utlån, mellom 20 og 30 lånarar har vore innom bussen. Skulle det vera nokon som har bestilt bøker, men ikkje får henta sjølv, blir bøkene sette att i butikken, om ikkje nokon andre kan ta med for dei.

Bokbussen i Sør-Trøndelag køyrer i elleve kommunar i fylket, frå Roan – nord for Li-

nesøya – i nord til Røros i sør, og til Stjørdal i Nord-Trøndelag og Engerdal i Hedmark. Dei to siste kommunane får besøk fordi denne bussen også har eit tilbod til sørsamiske område.

Ny buss i 2011

Bussbibliotekarane ser fram til den nye kultur- og bibliotekbussen som skal avløysa 1992-modellen neste år. Fylkestinget i Sør-Trøndelag har løyvt 2,4 millionar og Sametinget står for 1,6 millionar kroner.

Den nye bussen skal ha IKT-utstyr på høgd med det som er forventa av eit moderne bibliotek, den skal kunna brukast til kulturarrangement som forfatterbesøk, foredrag og filmvisingar, og det skal vera rom for om lag 20 barn eller 15 vaksne på benker og ekstra stolar.

– Vi jobba lenge for å synleggjera at det trengst ein ny bokbuss, men når saka først kom til politisk behandling, var det brei semje om å løyva det som må til. Berre eitt parti røysta imot, fortel Romstad.

magnhild.folkvord@klassekampen.no

Slutt på øyremerking


Fram til 2000 vart det gitt øyremerkte tilskott til mobile bibliotek – bokbussar og bokbåtar. Etter det har det vore opp til dei enskilde fylka og kommunane å avgjera korleis ressursane skal fordelast mellom bibliotekbygningar og bibliotek på hjul eller kjø, og dei har valt ulike løysingar.

Rogaland har ingen bokbuss. På Askøy i Hordaland har

bokbussen slutta å køyra, medan Steinkjer i Nord-Trøndelag har fått bokbussen på vegen att. I Møre og Romsdal er Rauma den einaste kommunen som har bokbuss, medan bokbåten «Epos» gir biblioteknester til store delar av fylket.

Dei fleste bokbussane har faste stoppestader. I Tana og Nesseby i Finnmark står det også «hjemmesøk» i ruteplanen for bokbussen.


– Vi køyrer heim til eldre og uføre som ikkje kan gå til bussen sjølve, nokre har vi følgt med alderen. Det er ei taknemleg oppgåve. Vi får også tips frå heimetenesta om folk som kan ha glede av å få besøk av bokbussen, fortel Frøydis Betten, biblioteksjef og ansvarleg for bokbussen i Tana/Nesseby.



BJØRN ARE DAVIDSEN Da jorden ble flat

MYTENE SOM IKKE VILLE DØ
Kr 298

Med imponerende kunnskap, morsom penn og treffende formuleringer går forfatteren på jakt etter myter og vandrehistorier om kirkens forhold til fremskrittet. Han er lite opptatt av å forsvare kirken i ett og alt, men derimot synes han det er viktig å konfrontere mytene med virkeligheten. Og det er jo til å bli klokere av!



MORTEN DALE ANDERSEN (red)

Troverdige tro

EN ANTOLOGI

Kr 298

«Dette en meget fortjenestefull bok, ikke minst fordi den gir rom for mange nye og friske røster i samtalen om troens troverdighet og relevans. Bidragene spriker i mange retninger og appellerer til ulike sider av leserens erkjennelsesapparat. Det har vi ikke vondt av.»

Sjur Isaksen i Luthersk Kirketidende

Bøkene kan kjøpes i din bokhandel eller på www.lutherforlag.no